

Hopprenn på Obrestad

Korleis kunne nokon få ideen om å laga hoppbakke på Obrestad? Jæren er ikkje kjent for verken snø eller skisport. Likevel vart det hoppa over 50 meter i bakken.



Det var den kreative Ragnvald Skjærpe som fekk det heile i gang. Som mange andre hadde han hørt på radione om hopprenna austover. På meieriet arbeidde fleire austlendingar, og dei gav han ideen. Det tok ikkje lenge før Ragnvald var i fyr og flamme, han skulle ha i gang storrenn på Jæren.

1938

Då hopprennet byrja reisa seg på Obrestadbrekka rista dei fleste på hovudet. Skeptikarane var mange, og det eine forslaget slo det andre i hel om alt som kunne gå gale. Likevel klarte Ragnvald motivera folk i idrettslaget, og i 1938 stod hoppbakken ferdig. Søndag 16. februar vart han innvita, og hopparar frå Bryne, Ganddal og Nærø deltok. Gunnar Bjerke som representerte Nærø vann ganske klart med det lengste hoppet på 27,5 meter. På dei neste plassane var det òg folk som representerte Nærø, Villy Evensen, Kristian Nordlid og Hans Bekken.

Onsdag i veka etterpå var det skikkeleg storrenn, med kunstig belysning. Det var 30 hopparar frå heile Rogaland, og 4 000 hadde møtt fram for å få dette med seg. Kristian Nordlid, Nærø, vann med lengste hoppet på 25 meter.

1939

Aret etter vart det køyrt snø til bakken i ei veke, og 29. januar vart det arrangert hopprenn. Denne gongen hadde ein òg fått eit par kongsbergshopparar, Oskar Hagen og Petter Hugsted, med seg. Det var godt vêr, og 3 000 tilskodarar hadde møtt fram. Hugsted frå Kongsvinger klarte i ekstrahopp etter sjølv hopprennet å strekkja bakkerekorden til 53,5 meter. Under eit hopprenn seinare same vinter vert det nemt at 13-år gamle Karl Øvestad, Nærø, fekk pokal for beste innfødte jærbu.

1940

I boka om Nærø turn- og idrettslags historie er Obrestadbakken nemnt siste gong 4. februar 1940: *Det blåste en kald vind som stod rett på bakken, og det satte hopplengdene betydelig ned.*

Kjelde: Sverre Askø, 1943, *Nærø turn og idrettslags historie*.